Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Protokoll
Årsmøte i Ørsta Idrettsråd 2020

Onsdag 24. juni 2020 kl. 19.00
Stad: Klubbrom 1, Ørstahallen

Sakliste

Sak 1: **Godkjenning av representantane**
Det møtte 14 røysteføre representantar frå medlemslaga inkludert 5 medlemmar frå styret. Representantane vart godkjende etter det tal utsendingar kvart lag har høve til å stille med.
Vedtak:
Representantane vart godkjende.

Sak 2: **Godkjenning av innkallinga**
Representantane hadde ingen merknader til innkallinga.
Vedtak:
Innkallinga vart godkjend.

Sak 3: **Godkjenning av sakliste**
Representantane hadde ingen merknader til saklista.
Vedtak:
Saklista vart godkjend.

Sak 4: **Val av møteleiar**
Vedtak:
Erlend Andersen vart vald som møteleiar.

Sak 5: **Val av skrivar for årsmøte**
Vedtak:

Scanned with CamScanner

Silje Aune Tvergrov vart vald til skrivar for årsmøtet.

Sak 6: **Val av to til å skrive under møteboka**

Frå styret kom det framlegg om Marianne Lund (HIL) og Kim Tafjord (ØV Pistolklubb) til å skrive under møteboka.

Vedtak:
Marianne Lund og Kim Tafjord vart valde til å skrive under møteboka.

Sak 7: **Årsmelding for perioden 20.06.2019 - 17.06.2020**

Styreleiar Erlend Andersen las opp årsmeldinga for perioden.

Vedtak:
Årsmeldinga vart godkjend.

Sak 8: **Revidert rekneskap for 2019**

Erlend Andersen, leiar for Ørsta Idrettsråd, la fram og orienterte om rekneskapen for 2019. Rekneskapen for 2019 er godkjend av revisorane.

Det var ingen merknader frå representantane.

Vedtak:
Rekneskapen for 2019 vart godkjend.

Sak 9: **Medlemskontingenten for 2020**

Styret foreslår uendra kontingent: kr 200 pr. lag + kr 3 pr. medlem.
Det var ingen merknader frå representantane.

Vedtak:
Kontingenten for 2020 skal vere uendra.

Sak 10: **Innkomne forslag og saker**

Scanned with CamScanner

Idrettsanlegg på Mosflata.
Hestesporten skal disponere 20 mål av Mosflata.
Det er opparbeidd ny utstillingsplass, og ØIL er i dialog med kommunen om ny fotballbane ved elva (sjå vedlegg). Det er framleis plass til fleire anlegg på Mosflata. Har laga forslag til aktuelle anlegg? Denne saka var med også i fjor, men kommunen oppmodar framleis idretten til å kome med forslag. Forslag så langt har vore klatretårn/aktivitetspark, tennisbane og rulleskiløype. Etter det vi veit er det ikkje meir konkrete planar rundt noko av dette.

Vedtak: Idretten blir utfordra til å finne ein aktivitet som kan nytte det ledige arealet på Mosflata.

Ørsta idrettspark AS.
Selskapet vart etablert for å prosjektere fleirbrukshall på Mosflata. Selskapet har no som hovudoppgåve å investere i utstyr til Ørsta-hallen, med midlar frå næringslivet og kommunen. Idrettsrådet eig 51 % av selskapet, og kommunen 49 %. Det har vore uklart kva rolle selskapet skal ha framover.
Årsmøtet gjorde i fjor vedtak om å behalde ØIP eit år til, til midlane i selskapet er brukt opp.
Det er framleis litt midlar i selskapet. Generalforsamlinga gjorde 9. juni vedtak å halde fram med drifta, med Gunnar Knutsen som styreleiar.
Kva som skjer vidare heng saman med driftsmodell for Ørstahallen. Kven skal eige og vedlikehalde alt utstyret, kven skal kjøpe nytt utstyr ved behov?
Selskapet kjøper no lydanlegg til hallen, storskjermar og oppheng for spydnett.

Kommentar frå idretten: Idretten ynskjer avklaring kring eigarforholdet på utstyr i hallen. Spesielt knytt til styrkerommet som har dyrast innkjøp ifht å bytte ut oppbrukt/øydelagt utstyr.
Kommentar frå Kåre Sæter (MRIK): Dette må avklarast snarast med kommunen. Kåre Sæter sa også at det er lite vanleg at idrettsråd har eigarpost i aksjekapital.

Vedtak: Årsmøtet til Ørsta Idrettsråd henstiller til at ein jobber for å avvikle Ørsta idrettspark AS innan eit år. Dette for å forhindre konkurranse ifht. sponsorinntekter til idretten. Dette krev også avklaring kring driftsmodellen for

Scanned with CamScanner

Ørstahallen, når det gjeld innkjøp og vedlikehald av felles utstyr.

Prinsipp for tildeling av aktivitetsmidlar (sjå vedlegg).
Lokale aktivitetsmidlar er eit tilskot
frå Staten retta mot lokale lag og foreiningar som driv aktivitet for born og ungdom (6-19 år). Idrettsrådet gjer tildeling lokalt. Kriteriene vil frå i år vere fast årsmøtesak. Utkast vedlagt. Vi ønskjer å diskutere kriteriene i årsmøtet.

Vedtak: Styret har tillit frå medlemane når det gjeld tildeling av LAM. Styret skal fordele slik som tidlegare, og laga får i oppgåve å fordele vidare LAM midlane innad i idrettslaget slik:

Basert på retningslinjer, krav og anbefalingar frå KUD og NIF, foreslår Ørsta Idrettsråd desse fordelingskriteria:

1. ØIR oppmoder idrettslaga til å øyremerke delar av tildelt LAM midlar til aktivitet for funksjonshemma der det er aktivitet for funksjonshemma
2. ØIR oppmoder idrettslaga til å øyremerke delar av tildelt LAM midlar til allidrett born og allidrett ungdom (tidlegare idrettsskule)
3. ØIR oppmoder at Idrettslaga øyremerker ein fordelingspott som kan dekke utgifter til born som står i fare for å måtte slutte i idretten pga for stort økonomisk press på familien.
4. Resterande pott blir fordelt slik: ⅓ til born 6-12 år og ⅔ til ungdom 13-19 år.
5. ØIR oppmoder at laga bruker desse pengane til å kunne ha lågast mogleg treningsavgifter for medlemmane sine.
6. Må vere aktivitet minimum 20 veker i året for å kunne få tildeling.

Desse fordelingskriteria skal åreleg revurderast under årsmøtet til idrettsrådet.

Sjå vedlegg for meir informasjon om fordelingskriteria.

Sak 11: Arbeidsprogram for 2020
Styreleiar gjekk gjennom framlegg til arbeidsprogrammet for 2020.

Styret sitt forslag:
- Arbeide for realisering av nytt symjeanlegg (byggetrinn 2 i idrettsparken).
- Delta aktivt i den utvida hallnemnda for Ørstahallen.

Scanned with CamScanner

- Vere aktiv i evaluering av drift av Ørstahallen (denne er utsett frå i vår).
- Jobbe for auka kommunal støtte til drift og anlegg.
- Idrettsanlegg på Vartdal, vidare oppfølging (klubbhus/service-bygg, tribune).
- Jobbe for vidare bruk av kommunale skular til idrett, også i helg.
- Oppretthalde det gode samarbeidet mellom kommunen og idrettsrådet.
- Arrangere kurs.
- Vere aktiv i planarbeidet til Ørsta kommune.
- Samarbeide med dei andre idrettsråda på Sunnmøre.
- Gi hjelp til realisering av anlegg som er oppførte i handlingsprogrammet til kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet.
- Arbeide for momsfritak i idretten, i samarbeid med idrettskretsen.
- Samarbeid med ungdomsrådet. Korleis kan idretten tilpasse seg ungdommen sine ønskjer og behov?
- Hjelpe til med realisering av idrettsanlegg på Mosflata.

Forslag:

1. Grunna utsett fellesmøte mellom halleigar, hallnemnd og idretten der det skulle haldast open debatt om fordelingkriterier for Ørstahallen, og bruk av gymsalar ved skulane, ligg det ikkje til grunn ei føring der idretten einast om prinsippa.
   Hallnemnda har fordelt tider i Ørstahallen tufta på søknader frå laga. Det er ikkje alle som har fått alle dei tidene ein søker om, og det blir oppfordra til å vere kreativ med t.d. oppvarming før ein tek i bruk banene til trening.
   Idretten vil at dette møtet skal gjennomførast så snart som råd, slik ein får snakka om erfaringer og eventuelle endringer som bør foreligge.

Vedtak:
Arbeidsprogrammet for 2020 med forslag vart godkjend.

Sak 12: **Budsjett 2019**

Leiar Erlend Andersen, gjorde greie for framlegg til budsjett for 2020. Representantane hadde ingen merknader til budsjettet.

Vedtak:
Budsjett for 2020 vart godkjend.

Scanned with CamScanner

Sak 13: Val

Ingen frå valnemnda var til stades, deira innstilling til nytt styre og representantar i andre styre og utval blei vist på storskjerm.
Styret og representantar for 2020:

Leiar Erlend Andersen	ØIL	Attval 1 år
Nestleiar Siri Dahl Masdal	VTIL	Ikkje på val
Kasserar Tone J. Hovdenakk	ØIL	Attval 2 år
Styremedlem Silje Aune Tvergrov	SIL	Attval 2 år
Styremedlem Vidar Kristoffersen	Ørsta symjeklubb	Ikkje på val
1. Vara Sofie N. Bergmann	ØRKK	Attval 1 år
2. Vara Ingvild Øye	HIL	Ny 2 år

Kontrollutval

Jon Helge Bjørndal	VTIL	Ny 2 år
Rita Myking	ÅIL	Ny 2 år
Vara: Bente Ørsal	ØIL	Ny rolle, 1 år

Hallstyret

Patricio Medina, Leiar	ØIL	Attval 2 år
Tone Jøssang	Ørsta Idrettsråd	Attval
Silje Aune Tvergrov	Ørsta Idrettsråd	Attval
Rebecca Rise	Ørsta Kommune	Sekretær
Vara: Sindre Skurtveit	HIL	Ny 1 år

Valnemnda

Frode Viddal	HIL - leiar	Ny rolle 1 år
Richard Olsen	ÅIL	Attval 2 år
Vara: Margrete Homlong Øyehaug	ØRKK	Ny rolle 2 år

Representantar til styret i Ørsta Idrettspark: 1 år

Gunnar Knutsen	ØIL	Attval 1 år

Vedtak:
Val vart gjort i samsvar med valnemnda sitt framlegg, i tillegg bestemte årsmøtet at styret får fullmakt til å fylle den tredje representanten til valnemnda som valnemda ikkje har fått på plass.
Årsmøtet valde inn Rita Myking i kontrollutvalet i tillegg til Jon Helge Bjørndal.
Styret deligerer ny runde med valnemnda.

Scanned with CamScanner

Silje Aune Tvergrov

Silje Aune Tvergrov
Skrivar for årsmøtet 2020

Marianne Lund

1. Marianne Lund, Hovdebygda IL

Kim Tafjord

2. Kim Henrik Tafjord, ØVPK

Scanned with CamScanner